

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 1

Påska 2023

Årgang 89 år



Vår nye
biskop
S. 3




Bedehus-
historier
S. 6



Aldri meir
konfirant
S. 8



Berre eit frø
S. 14



FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiars. kyrkjevevje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjevevje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

Framsida:

Teikning av Knut Henrik Kilen 2007

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus

hm629@kyrkja.no

Toril Hjartåker Hauge

th298@kyrkja.no

Om Kristus ikkje har stått opp!

Heile vår kristne tru kviler på det faktum at Jesus har stått opp frå dei døde. Ei historisk hending utan nokon vitne. Og det er forståeleg at nokon stiller spørsmål med om dette verkeleg har skjedd. Kva om Jesus ikkje har stått opp frå dei døde? Korleis ville dette påverka alt vi trur på?



Sokneprest
Einar Ekerhovd

For det første ville det ikkje ha vore noko kristen religion i denne verda. Fortellinga om Jesus ville sikkert vore gløymd innan ein generasjon etter at han levde. Han gjorde mykje bra dei få åra han heldt på, men han fekk ein brutal død. Læresveinane ville nok kome over det på sikt og gått tilbake til sine gamle yrke og levde normale liv igjen. Det var kjekt så lenge det varte.

Synda ville ha den same makta over menneska. Det ville ikkje vere nokon grunn for tilgjeving og vi ville alle vore under den same dommen i forhold til Gud. Døden ville ha det siste ordet og vi var utan håp. Det viktigaste i livet ville vere å få det beste ut av det så lenge det varte. Konklusjonen for oss menneske ville vore som for Forkynnaren i det gamle testamentet. «Fåfengt, seier Forkynnaren, fåfengt og forgjengeleg - alt er fåfengt!»

Det ville ikkje vore noko kyrkje som kunne forkynne ein budskap om framtid og von. Det ville ikkje vore noko budskap å forkynne i det heile tatt. Paulus drøftar dette spørsmålet grundig i sitt første brev til Korintarane i det 15 kapitlet. «Men har ikkje Kristus stått opp, då er trua dykkar meiningslaus»

Alt står og fell med om Jesus har stått opp frå dei døde. Og det er jo nettopp dette faktum som er vår kristne tru. Døden er overvunnen, synda er oppgjort og Forkynnaren sine depressive ord er gjort til inkje. Det er nytt liv etter døden!

Det sterkaste beviset for det nye livet er læresveinane sitt fornya frimod og deira liv og teneste etter Jesu oppstode og himmelfart. Frå pinsdedagen av begynte dei å utbre budskapet om Guds rike og håpet vi har i det evige. Dei fekk erfare Jesu avskjedssord om at han var med dei alle dagar. Usynleg ved sin Ande skaper han tru, tryggleik og håp i menneske også i dag. Tanken fatter det ikkje, men trua grip det.

Ingen var vitne til Jesu oppstode. Kanskje det var meininga. Det var ikkje nødvendig med faktiske bevis, for den suverene Gud lar menneske møte den oppstandne ved at han kjem til den enkelte med ein overbevisning planta djupt i hjarte. Sanneleg han er midt i blant oss framleis!

*"Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.
Matteus 28,20. "*



Den nye biskopen gler seg til påskejubel

Tekst: www.kyrkja.no og Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedøme. Redigert.

Kyrkerådet har tilsett Ragnhild Jepsen som ny biskop i Bjørgvin bispedøme. Ho tek over etter Halvor Nordhaug. Den nye biskopen vart presentert i Bergen domkirke fredag 10. februar.

– Eg er glad og takknemleg for utnemninga til biskop i Bjørgvin. Det er ei stor oppgåve som eg går til med glede og audmjukheit. Det seier den nye Bjørgvin-biskopen, Ragnhild Jepsen. Ho kjem frå stillinga som domprost i Nidaros bispedøme. – Som biskop i Bjørgvin vil eg invitere breitt til å finne språk som opnar oss til frimodig å vitne om tru og trusuttrykk.

Kyrkerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum er nøgd med tilsetjinga: – Det er historisk at Bjørgvin har fått sin første kvinne som biskop. Ragnhild Jepsen er ein framifrå liturg og erfaren leiar som vil vere med på å utvikle Bjørgvin bispedøme, seier Raaum. – Jepsen er ein erfaren og samlande kyrkjeleiar med røynsle frå kulturliv og eit breitt samfunnsengasjement.

Det var tre kandidatar til biskop i Bjørgvin, etter den rådgevinge røystinga i haust: Sokneprest Kjersti Gautestad Norheim, domprost Ragnhild Jepsen og sokneprest Sunniva Gylver. Åtte av Kyrkerådet sine medlemmer stemte på Jepsen som dermed er tilsett som biskop. Seks av medlemmene ynskte Sunniva Gylver og to ynskte Kjersti Gautestad Norheim som biskop.

Jepsen vert vigsla til biskop i Bjørgvin søndag 16. april kl. 11.00 i Bergen domkirke, der H. M. Kongen deltek. Presentasjonen i Bergen domkirke vert strøyma direkte på nettsida kyrkja.no.



Ragnhild Jepsen vert ny biskop i Bjørgvin bispedøme. Foto: Den norske kyrkja.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

Fusakalenderen for 2024

Kvart år har me konkurranse om å få pryda Fusa-kalenderen med eit blinkskot frå Fusa-bygdene. Det er mange innsende bidrag kvart år, og vinnaren får bildet sitt på kalenderen samt 3000 kr.

Temaet for foto-konkurransen for kalenderen i 2024 er «Morgonstemning». Motivet må passa til temaet, det må vera teke i Fusa-bygdene (Fusa sokn), og bilderetninga bør vera liggjande.

Så då er det berre å stå tidleg opp og foreviga ei morgonstemning i Fusa-bygdene.

Send bilda til post.fusa@kyrkja.no.

Frist er 20. september 2023.

Lukke til!



Er du 50- eller 60-års konfirmant i ei av Fusa-kyrkjene i 2023 og ynsker å markere det?

Ta kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper me til med å finne ei gudsteneste der dette kan markerast særskilt.



Vi feirar påske i Fusa

Palmesøndag, 2. april

Jesus var ofte i Jerusalem for å feira påske. Men denne påska skulle bli annleis, og det visste han. Då Jesus og følgjet hans kom til byen, bad han disiplane finna eit esel til seg. Han sette seg oppå det og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge: «Hosianna, kongen vår er komen!» Dei la kapper og palmegreiner på vegen framfor han. Denne dagen er blitt heitande palmesøndag, og me feirar han i lag i **familiegudsteneste i Sundvor kyrkje, 2. april kl. 11.00.**



Skjærtorsdag, 6. april

Læresveinane og Jesus samla seg for å eta påske-måltidet. Det var og er skikken for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei føtene, noko som var nødvendig sidan dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit, og låg ved bordet når dei skulle eta. Vanlegvis var det tenarar som sette seg ned på golvet og gjorde jobben, men denne dagen ville Jesus vaska alle 24 læresvein-føtene. Slik viste han korleis han vil at me skal tena kvarandre. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og delte vinen. Han bad oss å gjera det same, til minne om det som skulle koma: Døden på korset, Jesu offer for oss.

Skjær betyr rein. Jesus gjekk i døden for oss. Om og om igjen reinsar han oss med blodet sitt. Han tilgjev oss all vår skuld. Vi markerer dette måltidet til liv og fellesskap med **nattverdsgudsteneste i Sævareid kapell skjærtorsdag 6.april kl.19.**

Langfredag, 7. april

Langfredag er Jesu krossfestings- og lidingsdag. Vi samlast såleis til ei stillferdig gudsteneste, då vi minnest kva Jesus var viljug til å gå gjennom for vår skuld. Dette er likevel ikkje berre ein sørgjedag. Den engelske nemninga for langfredagen, "Good friday" – den gode fredagen – minner oss om at dette også er takksemnda sin dag. Gudstenesta er bygd opp kring komposisjonen «Jesu syv ord på korset» av Kjell Mørk Karlsen. Kyrkjekoret saman med tekstlesar drar oss inn i ein meditasjon kring det Jesus sa medan han hang på krossen. Ved hjelp av salmen «Gå under Jesu kors å stå» vert også vi som kyrkjelyd invitert til å ta aktiv del i denne meditasjonen, samstundes med at vi «eigengjer» oss orda som Jesus uttalte.

Langfredagsgudstenesta vert i år i Strandvik kyrkje, 7. april kl. 11:00.



Påkenatt, 8. april

Trass i vakthaldet og den store steinen framfor Jesu grav, hende det som Gud hadde planlagt: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod opp frå dødsriket». Altertavla i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirer overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-capella sang og stearinlys, skriftlesing og andakt. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 8. april kl. 23.00**



Påskedag, 9. april

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sannelig stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har vunne over døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då er opphavet til kristen tru og gudstenestefeiring. Me feirar med **festgudsteneste i Fusa kyrkje, påskedag kl. 11.00.**

2. påskedag, 10. april

Etter Jesu oppstode viste han seg for læresveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på forskjellige måtar, også i naturen. Denne dagen feirar me med **friluftsgudsteneste ved Hafskorvatnet kl. 12.00.**



Bedehus-historier

Tekst: Toril Hjartåker Hauge

I sommar kom eg i snakk med nokre tyskarar som hadde reist land og strand rundt kysten vår. Etter fleire veker på vestlandsvegane sat dei igjen med eitt spørsmål: Kva betyr ordet «bedehus»?

Det var sjølvsaagt eit heilt naturleg spørsmål; ein kan ikkje seia at ein kjenner Vestlandet før ein veit kva eit bedehus er. Men utlendingane som ikkje ante kor relevant spørsmålet var, kjende trong til å forklara det.

- På starten av turen la me merke til eit hus som det stod «Bedehus» på. Så køyrde me eit lite stykke til, og plutselig dukka det opp eit nytt «Bedehus», og så endå eitt: «Bedehus», «Bedehus», «Bedehus». Was ist das?


Eg gav dei den bokstavlege tydinga av ordet og fortalde villig vekk om kva som går føre seg inni desse oftast kvite, små husa, så mykje dei ville høyra. Seinare har eg tenkt at dei nok ikkje fekk eit fullgodt svar, ikkje på langt nær. Eg har mine opplevingar frå søndagsskule, songkor og basarar frå bedehusa i Eikelandsosen og på Nordtveitgrend, men desse spesielle bygga rommar jo mykje meir enn det. Hadde det ikkje vore kjekt å få fram så mykje som mogleg av det som skjer og har skjedd i soknet sine åtte bedehus i løpet av dei 130 åra det har funnest den type hus her? Jau, svarer me i redaksjonen, og for å få det til, treng me mange hovud og røyster. Sjå oppfordringa på neste side!

I påvente av historier frå våre eigne bedehus, kostar me på oss nokre glimt frå bedehusland andre stader ifrå, og her er det ikkje godt å vita kva som er skjemt og kva som verkeleg har funne stad.

Forstanderen i en større bymenighet sto akkurat og prekte, da en gjeng med støyede ungdommer veltet inn av døra og fanget all oppmerksomheten. Taleren kom helt av sporet og forsøkte å roe ned de nyankomne:

- Vær så snill og sett dere stille ned, kjære ungdommer! Om dere ikke tar hensyn til meg som står her oppe og preker, så kunne dere da vel i det minste tenke litt på dem som sitter her fremme og sover!

Jostein Janøy, *Gullkorn fra bedehusland*. (2005)



Jostein Janøy, *Gullkorn fra bedehusland*. (2005).

I Sunnhordland var det for ein del år sidan eit ektepar som meinte dei var dei einaste rettruande i bygda. Ein predikant som kom til staden, meinte det var på sin plass og avleggja dei ein visitt.

Då han kom dit, fann han berre kona heime. Mannen var ute på åkeren.

– Er det verkeleg slik, spurde predikanten, - at du og Ola meiner at de er dei einaste rett-truande i bygda? – Nei, svarde kona og drog på det. – I det siste har eg verkeleg begynt å tvila på han Ola.

Ukjent kjelde



Bedehus-historier

Dei åtte bedehusa i Fusa sokn har romma eit vidt spekter av aktivitetar, personar og gjenstandar.

Me i kyrkjebladredaksjonen ynskjer å få vist fram denne breidda.

Til det treng me hjelp.

Har du minne frå bedehusa, kunnskap eller tankar om dei?

Det kan vera små forteljingar, glimt frå fjerne eller nære episodar, bilde eller faktaopplysningar om bygging, drift, dugnader, utsmykking og folkeliv i og rundt husa.

Om du ikkje vil skriva sjølv, fortel du munnleg til oss.

Kontakt

Hans Einar Markhus 95 93 65 80 ,
hm629@kyrkja.no

eller Toril Hjartåker Hauge 93 81 92 73,
th298@kyrkja.no

Me ser fram til å høyra ifrå deg!






Foto: Lokalhistorisk arkiv Bjørnafjorden, Eikelandsosen bedehus Facebook, Foer bedehus Facebook, Kleppa, Johannes og Rasmussen, Alf Henry. Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordland (Sambåndet forlag A/S 2001), Toril Hjartåker Hauge.



Aldri meir konfirmant

Tekst: Morten Holmefjord

Kva var vitsen med det heile? Hadde Arnold Schwarzenegger skifta side? Kunne ein ha flaks og skjemme seg ut samstundes? Kva var det tantene ville? Og kva meinte Keilen eigentleg?

Jadå, dette er meg. Ein bleik, keitete, hengslete og utilpass 15-åring som vart vald nest sist i gym. Som likte de-Lillos på den tida det enno var teit og hadde plakater av Kong Olav på veggen, og som høyrde på Korpskonserten og Radioteateret på laurdagar. Som ein forstår såg det ikkje akkurat lyst ut. Difor såg eg helst mørkt på det. Dette «livet» som dei snakka om, og som snart skulle ta til med brask og bram, var den gongen ikkje noko eg akkurat gledde meg til.

Iglane på vasspegelen

Eller rettare – dette var meg. Sidan alle celler i ein kropp blir bytt ut etter sju år, så er det ikkje noko att av den typen der. Han finst berre på foto. At eg deler namn og personnummer med han fyren der verkar ganske pussig.

Dette var i 1990 og difor enno litt 80-tal, med korte dressar i pastellfargar og hockysveis med striper. Me i Noreg var på opptur. Me hadde vunne Grand Prix fem år før. Og for berre to år sidan hadde me blitt tildelt Vinter-OL! Det var knapt til å tru. Me var alle nyrike og litt blygt vulgære. Desse *plattformpalassa* der ute i Nordsjøen låg som iglar på vasspegelen og saug opp rikdommen, ein rikdom som ikkje hadde nokon ende.

Kjønn og skjønn

Men det var ikkje alt som peikte oppover. Menn var blitt *dårlege* vesen og visste ikkje kven dei var lenger. Men kvinnene visste at desse mennene ikkje kunne vere slik dei hadde vore, det var sikkert! Om ei kvinne hadde det fælt var det Mannen sin feil. På an-



Eitt stykk utilpass konfirmant, 15 år gammal. Foto: Privat

dre sida var ein mann som hadde det fælt patetisk og kunne takke seg sjølv – han var ikkje Mann nok. Forvirringa var så altomfattande at det var best å halde tvilen for seg sjølv.

Kvinnene visste forresten ikkje kven dei var dei heller, - og var difor litt av alt på ein gong og heldt på å jobbe seg i hel – med sitt eige sjølvbilete -.

I'll be back

Ute i verda hadde Berlinmuren falle og den kommunistiske verda kollapsa. Kven skulle no spele skurken i ameri-

kanske actionfilmar? Sjølv Arnold Schwarzenegger hadde spelt russisk politihelt på film. Var det ikkje orden på noko lenger?

Sidan ingen visste heilt kven dei var og kva dei meinte lenger, vart folk veldig ironiske og strødde rundt seg med hermeteikn. «Dette var jo «stort»». «Dette var jo «viktig»», sa dei og fekk på den måten antyda at dei visste noko *alle* burde visst. Men om du spurde kva dei faktisk meinte, då hadde du gått skikkeleg i baret.

Så det var best på spele med så langt

det var mogleg. Intellektuell danning på den tida handla om å heve eit innforstått augnebryn, eller smile ironisk – på dei rette plassane. Svermar av hermeteikn hang som mørke over heile landet og fekk sjeler i alle fason- gar til å krøke seg.

Brygg i buskas

Det hang også litt ironi over konfir- masjonsdagen. Me gjorde det – på same tid som me på ein måte *ikkje* gjorde det.

Men ein fordel var det: var du konfir- mert kunne du gå på dans og skjem- me seg ut. Dette var det ein lang tra- disjon for. Det var sosialt akseptert og heilt normalt.

Eg ville også veldig gjerne vere nor- mal og tvinga ned øl i skauen bak ga- rasjen ein laurdagskveld. Berre for å oppdage at dansen dei hadde snakka så mykje om var helga etterpå.

I dag hadde det sverma med sosio- nomar etter ei slik hending.

Fritt fall

Både då og seinare var dette med dans ei prioriteringssak. Då som no kom helgene frykteleg brått på, og med ein 200-lapp – og eit dilemma – i lomma, kva skulle ein prioritere? Be- tale seg inn og kanskje få trakka den finaste jenta i klassen på beina under ein slow under «dei tre siste før lyset kom på», og skjemme seg ut på den måten (dette var vel å merke dersom, noko som var svært usannsynleg, ho ville danse).

Eller ein kunne satse på å bruke pen- gane på ei halvflaske korskenskorva. Eg satsa ofte på det siste. Om ting går til pises er det best å ha litt hand på styret sjølv. Å bli grøn i trynet og få finskjorta øydelagd i ein grøftekant var trass alt betre enn å bli avvist, og få sitt allereie låge sjølvbilete til å bli devaluert som ein valutta i fritt fall i ein bananrepublikk.

Nikkerne

Oppe i alt dette skulle ein altså bli konfirmert. Konfirmasjonsførebuin- gane hadde gått føre seg eit heilt år. Det verka som fleire år, men det kan berre ha vore eitt.

Nokre onsdagar var me heime hos Marit Austestad og hos Ole Bjørn Ei- keland og diskuterte dei store spørs- måla i livet. Litt brydde for å ikkje seie noko dumt. Me sa lite og nikka ein god del, spesielt om det var noko som gjekk oss litt over hovudet. Like- vel var det litt fint å sitje slik og tumle med nokre av dei store spørsmåla. Det var litt som å spele kort på hytta med ein svært verdifull kortstokk.

Keilen spelar pingpong

I skuletida hadde me Ekisen som var ganske kul, han kunne me preike med. Me hadde også soknepresten, Keilen, som ein gong greidde å knuse eit vin- dauge i klasserommet då han skulle lukke det att. Det var ikkje så mange som skjøna kor Keilen ville med det han sa. Anna enn at teologien hadde så mange sider, både kapittel og vers. På den *andre* sida imponerte Keilen stort då me var på konfirmasjonsleir ved å stå i rett linje ned slalombakken og enda kvar gong i ei sky av laussnø like ved husveggen, der det nokre se- kund var uklårt kva som var norsk natur og kva som var sokneprest.

Han kunne også slå samtlege i ping- pong.

Dette med Faderen, Sonen og Den heilage ande gjekk meg litt hus forbi. Og så var det dette med at dei kalla det tru, - men dei prata då verkeleg om det som om dei visste? Er det å tru og vite det same?

Eg for min del visste ikkje kva eg skulle - tru.

Tantene kjem

Så kom han då, denne konfirmasjons- dagen. Med gul sol, som eg fekk rett i auga, og ei uskuldrein, kvit konfir- mantkappe. Det var for lyst, det var for folksamt og eg likte meg ikkje. Me hadde gått på to rekkjer inn i kyrkja, me vart stilt nokre spørsmål av Ekisen, og så var det fotografering etterpå.

Og så kom slekta og dette rennet av *tanter*. Tanter som såg ut som nasjonal- romantiske fullriggarar, med klirrande søljer og flagrande forkle, som skulle helse og klemme, som om dei nyss hadde oppdaga at eg eksisterte. På ein måte var det på tide, - på ein annan måte kunne det ikkje utsetjast lenge nok-.

Dei taletrengte

Stova heime var i unntakstilstand. Salong og nips var bytt ut med lang- bord av campingbord lånt frå sam- funnshuset. Det var svinasteik til mid- dag og iskake til dessert, med store mengder «coke» og Asina-brus i stett- glas.

Eg forstod ikkje heile kva eg gjorde der oppi alt dette. Men det såg det ut til at dei andre visste det, så det var berre å spele med for ikkje å bli av- slørt.

Heldigvis var det ingen som heldt tale. I familien min er det mange taletreng- te, men samtlege vert veldig spake når det ein sjeldan gong er trong for ein tale – *heldigvis* for meg. Om desse oppstasa skulle byrje å ause utor seg i tillegg hadde det ikkje vore til å halde ut.



Tante Ingebjørg, tante Gunvor, farmor Ingeborg og tante Randi. Foto: Privat



Konkurs

Dagen gjekk, og tanter, og onklar med breide slips som skore ut av det finaste 70-talstapet, smelta vekk i søndagssola. Då kvelden kom, vart campingborda slegne saman og stova byrja å likne på seg sjølv att. På gåvebordet låg sølvskeier, mansjettknappar og 7500 kroner.

Eg sparte ikkje til moped som ein del andre av gutane i klassen. Til det var eg altfor redd for å tryne i ein sving - og var difor vorte svært miløbevisst. Pengane vart brukte på eit «anlegg» frå Sandvik Elektro som eg hadde gått rundt og sikla på. Ein svart kasse, halv x halv meter med to kassettpelarar (der du kunne ta opp frå den eine kassetten til den andre) og med ei luke for CD-ar. Eit røvarkjøp.

Like etter gjekk Sandvik Elektro konkurs.

Bråkebransjen

Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at mitt forhold til kyrkja til tider har vore noko – kva skal ein seie – utfordrande. Eg skal ikkje gå i detaljar på ein dag som denne. Dette vil vel somme kalle for å hykle. Men då skal de hugse på at i hyklinga ligg det ofte ei stor sivilisatorisk kraft. Om ikkje folk hadde visst å late som dei er einige om ting, gjerne dei mest elementære, så hadde det verken vore 17.mai, jul eller nyttår. Om alle til alle tider skulle lufte kva dei legg i desse feiringane, hadde det ikkje vore anna enn bråk.

Som underhaldningsbransjen veit, er

bråk alltid bra. Men det er forunderleg kor ofte det kjem korkje noko godt eller klokt ut av det. Men me i bransjen, og då tenkjer eg på bråkebransjen, og den idealistiske delen, lever alltid i håpet.

Eg har ofte fått spørsmålet om eg ikkje har meldt meg ut, og då pleier eg å seia: Nei, eg er med – på trass. Om nokon meiner kyrkja er meir si enn mi, så får dei no berre sitje der å meine det då. Toskane.

Dei siste dagars heldige

Om eg er ein tvilande humanetikar eller ein inkonsekvent kristen er eg litt usikker på. Kategoriar er ofte meir tildekkande enn opplysande. Det er vanskeleg å summere opp kva ein trur på. Eg tvilar for mykje – men har etterkvart lært meg å leve med det. Det som er heilt i randsona av det ein kan erfare, kjenne, ane ---, det er vanskeleg å forme til ord. Slik er det nok for dei fleste.

Trass i dette trur eg at det er noko høgare, noko godt som passar på oss (sjølv om det ikkje ser slik ut) og vil oss vel. Som er med når alt og alle vender oss ryggen.

Stas

«Tale til konfirmanten» er ein sjanger full av gode råd. Hadde alle desse konfirmasjonstalarane følgd sine egne råd, så hadde verda vore det reine paradiset på null komma null. Ein skal likevel ikkje kimse av det.

Til dei som sit der i konfirmasjonsstasen og må høyre på alle desse foreldre – og tanter – som kjem med

velmeinande ord, og gjerne vert rørt av si eiga formuleringsevne og stundas alvor (og dette er alvor faktisk) – bak alt dette så ligg det kjærleik og eit inderleg ønskje om at de skal få det bra her i livet.

Herrlighet!

Ein får seg ein lusing, det vert vanskeleg. Nokon vert prøvd og får utfordringar meir enn andre. Sjølv om rettferda finst, er ho så ulikt fordelt. Ein skal få kjeft og bli korrigert. Og heldig er den som har ein god ven til å snakke ein til rette, eller til å stille deg dei rette spørsmåla. Ein skal stå med rak rygg og gå på med krum rygg samstundes. Ein må manne- og kvinne seg opp, og til sjuande og sist er ein heilt åleine.

På same tid, i same tid, er livet fantastisk. Både det livet som finst der ute mellom folk og hinsides horisonten. Og like viktig det livet som finst på innsida.

Og til deg der ute som ikkje har funne det du treng. I denne konfirmasjonsførebuinga, i familien, i venneklokken, i det du har lest eller høyrte – du er ikkje åleine. Ting vert betre etter kvart. Eg veit det, og alle vaksne i dette rommet veit det, for me har alle vore der sjølv – på ein eller annan måte.

Før eller seinare finn du dine. For dei er der ute.

Til slutt vil også eg fleske til med nokre velvalde råd sjølv. Desse råda har vore framført og brukt av andre, men kan med fordel brukast på nytt.

«Om nokon vil ha din lojalitet men ikkje tvilen din – ikkje ver lojal.»

«Om du tek på kortbukse, betyr det ikkje at det er sommar.»

«Ver ein god venn først – og du vil få gode venner.»

Alt godt,
Morten Holmefjord

Kåseriet vart framført munnleg til konfirmantkullet 2022 i Eikelandsosen bedehus onsdag 20.april 2022.



Endre, Guttorm, konfirmanten, faderen, Stian og moderen. Foto: Privat



Konfirmantar i Fusa sokn 2023

Strandvik kyrkje laurdag 29.april

Charlotte Skarstein Bakka
Eivind Vik Tveit
Magnus Godøy
Maria Dalland
Maria Angelskår
Symra Emilia Garverhaugen
Triana Kaelo Nerhus

Hålandsdal kyrkje søndag 30.april

Andreas Lister Midtrød
Ingeborg Henanger Halvorsen
Kine Holmefjord
Leah Øygard Eide
Léna Skjelbreid Poiree
Oliver Gjørn Nielsen
Christian Nordbustad Tombre
Gjertrud Sveinsdotter Holmefjord
Ole Bruland
Sandra Helene Rød Håland
Thea Nilsen

Sundvor kyrkje søndag 7.mai

Anne Marte Bergesen Markhus
Eirik Markhus
Eivin Lukas Sannes Hovden
Heine Hauge-Breivik

Fusa kyrkje laurdag 6.mai

Aldo Mari Navarro
Elias Eikeland
Endre Nicolas Da Rosa Holmefjord
Ina Strøm
Julie Næss
Karianne Foer
Lea Næss
Marte Kolle
Ole-Jonas Næss
Sara Prestegard Skåtun
Sofia Sandven Øvrebotten
Tuva Amalie Kvam Holmefjord
Adam Leander Øygard Store
Adrian Helland Markhus
Erik Jia Ådland
Even Espeland Hult
Jakob Eikeland
Jonas Øpstad-Håvik
Leo Egbe Rosvold
Lucas Rosvoll Heffernan
Renate Berge



Foto: Olaug Bjørndal

DET ER SLIK LAGA

av Olaug Bjørndal

Det er slik laga
Eg kan ingenting gjera
Eg er ikkje herre eller sjef
Eg vil berre ha vår
Men vinteren er her enno
Klamrar seg fast
Kvit og hard ligg snøen utanfor mi dør
Minus – minus – minus
Gradestokken viser minus – vinter
Medan kalenderen viser april – vår
Blåmeisa flyg til fuglekassa – kikkar inn
Er det ikkje tida no – lurar ho – før ho igjen forsvinn
Eg sit ved kjøkkenbordet og kikkar ut
Inni meg kjempar gleda med sut
Gleda over lyset og livet
Sut over vinteren som ikkje slepp våren til
Men eg sit her og kan lite gjera
Slik er det viseleg laga

Diktet er trykt i Olaug Bjørndal, *Levd liv* (2017)



50år og like ung!

Tekst: Presseskriver Ytre Suløens Jass-ensemble & Tricia Boutté

2023 er et stort år for Ytre Suløens Jass-ensemble (YSJE). Da er det 50 år siden dette bandet bestående av galne sunnmøringer startet. 50 år siden denne jazzinstitusjonen fikk med tre låter på Nitimen, uten å ha spilt en eneste konsert. Og deretter tok det av!

Ytre Suløens Jass-Ensemble ble startet i 1973 i Langevåg på Sunnmøre, og ble en umiddelbar suksess. Utsolgte konserter, avspilling på radio, og tv-program som fulgte bandet på tur til New Orleans. Sistnevnte by er den store inspirasjonen, og bandet har inviterte mange musikere derfra til Norge, og har selv blitt invitert dit. YSJE er faktisk æresborgere av New Orleans!

Etter at banjoist Einar Aarø ga seg i 2020, er det ingen igjen av de originale bandmedlemmene, men YSJE låter likevel som YSJE. Selv med helt nye musikere til å fargelegge musikken, er bandets sound umiskjennelig. I New Orleans-ånd søker bandet ikke å kopiere tradisjonen, men tolke den med respekt på sitt vis. Ta med det essensielle, og tilføre noe nytt og personlig.

I jubileumsåret skal Ytre Suløens Jass-ensemble selvsagt se tilbake på mange flotte år, men fornying har alltid stått i forsetet. Både besetning og repertoar byttes ut når det trengs, og bandet er alltid på utkikk etter noe nytt. Så i bursdagsgave ønsker bandet seg noe som det er mangelfullt av i tradisjonell New Orleans-jazz. Nemlig nykomponert musikk! Bandet sender derfor ut bestilling til komponister og musikere som er sterke i sjangeren, slik at vi kan presentere et vakkert spenn av nytt og gammelt når vi legger ut på turné i 2023.

Bandets medlemmer er: **Sturla Hauge Nilsen** – trompet, **Lars Frank** – treblås, **Gunnar Bech** – trombone, **Svein Tore Anderson** – banjo, **Morten Gunnar Larsen** – piano, **David Gald** – tuba, **Kristoffer Tokle** – trommer, **Tricia Boutté** - vokal

Lytt gjerne til våre nyeste utgivelser; gospelplata «Eternal Now» (2016) og klubbplata «In The Court Of King Oliver» (2019). Pressebilder og annen relevant informasjon finnes på www.ytre.suloen.no

«Et unikt låtutvalg i et like unikt uttrykk, noe som kort og godt blir betegnet som «Ytre Suløen-sounden». - Moldejazz

«En musikalsk fest: stemningsfullt, oppløftende, sjelfullt, rørende, energisk, lekent og velspilt». - Bladet Vesterålen 2

«Ein forrykande miks av gospel, negro spirituals og god, gammal tradjazz». - Firdaposten

«Ytre Suløen spiller som om bandet skulle vere ekte borgere og ikke «bare» æresborgere av den flomherjede byen (New Orleans)». - Dagbladet



KONSERT
Ytre Suløens Jazzensemble
med Tricia Boutte og Morten Gunnar Larsen

Hålandsdalen kyrkje fredag 31. mars kl 18.30.

Billettpris: kr 350,-. Førehandsal hjå Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757
– ring eller send melding. Vipps.

Arr: Bygdautvalet i Hålandsdalen

Tips: 3 rettars middag – Floren Mat og Kultur, Eidegrend Klyngetun – etter konserten. Tlf. 930 32 282

Takkoffer til Ukraina

Sidan Fusa sokneråd i april 2022 vedtok at 20% av alle takkoffer ut året skulle gå til hjelp i Ukraina, har fusingane til saman bidrege med meir en 60 000,- kr. til dette føremålet.

Me samarbeider med den evangelisk-lutherske kyrkja Church of the glory of God i Ivano-Frankivsk i vest-Ukraina. Sidan krigen starta, har dei hjelpt sitt lokalmijø med å husa flyktningar frå aust og å dela ut mat og medisinsk utstyr til eldre og fattige i byen. Noko av pengane har dei brukt til å kjøpa inn varmeomnar til trengande. Vinteren er kald og mange har dårleg tilgang på oppvarming no når krigen rammar. Gass-tilgangen er svært utfordrande, og straum kjem og går. Likevel har dei straum nokre timar kvar dag, så elektrisk varmekjelde er i mange tilfelle det som hjelper best.

På grunn av gjevarglede i Fusa har fleire halde varmen denne vinteren.

Takk!



Ein av omnane og familien den varmer. Foto: Privat

Den norske kyrkja
Bjørnafjorden kyrkjelege
fellesråd/Fusa sokn



**Vil du vera med og byggja
kristent fellesskap i Fusa?
Trivst du blant barn og unge?**

Vi har ledig stilling som kyrkjelydsarbeidar, med fokus på fellesskapsbyggjande arbeid.

Stillingsstorleik: Opp til 100%.

Søknadsfrist: 31.mars.

Sjå full utlysing på

www.kyrkja.no/fusa



Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og
gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

Strandvik kyrkje

27.11.2022 Nora Haugland Mehammer

Hålandsdal kyrkje

04.12.2022 Johan Askeland Gjøen

01.01.2023 Johan Eide

22.01.2023 Milian Christoffer Ådland Berge

22.01.2023 Ronja Berge

Sævareid kapell

15.01.2023 Andreas Haugen Norheim

Fusa kyrkje

15.01.2023 Adam Kjærland

15.01.2023 Matheo Matland

Ådland kyrkje, Samnanger

26.02.2023 Lilly Seljestad



Vigde

Hålandsdal kyrkje

11.02.2023 Marte Bodil Rød og Peter Oketch



Gravferd

Fusa kyrkje

16.11.2022 Svein Erik Jacobsen, f. 24.12.1938

07.12.2022 Geir Inge Rosvold, f. 06.03.1952

13.12.2022 Alvhild Eikeland, f. 18.06.1933 (Bisetjing)

15.12.2022 Solveig Øygard, f. 10.09.1934

21.12.2022 Tor Killingstad, f. 25.08.1947 (Bisetjing)

04.01.2023 Elva Larsen, f. 15.02.1928 (Bisetjing)

11.01.2023 Svein Marcellius, f. 18.12.1939

17.02.2023 Gyda Haga, f. 02.09.1935

Hålandsdal kyrkje

18.11.2022 Magda Berlandstveit, f. 23.08.1927

Strandvik kyrkje

24.11.2022 Bergfrid Torbjørg Skaathun, f. 18.09.1940

06.01.2023 Mikal Leigland, f. 24.01.1961 (Bisetjing)

Sundvor kyrkje

09.12.2022 Dagny Lygre, f. 19.09.1939



Berre eit frø

Tekst: Ole Bjørn Eikeland Foto: Internett

Eg trur på mirakel!

Når sola snur, og dagane vert lengre, så kjem lyset sakte men sikkert også tilbake. Det kriblar i fingrane, eg kan nesten ikkje vente til så tid, til nytt liv, til det skal spire og gro.

Frøet, synest eg, er naturens største mirakel. Tenk, eit så lite frø kan innehalde så mykje liv! Ei diger tomatplante og klasar med gode tomatar utav eit ørlite frø. Det er uforståeleg og meir enn eit under.

For å snakke om små frø, treng vi dei store ord, superlativane.

Lat oss sjå nærare på frøet, med ulike briller:



Naturen sine briller. Frøet er livs- linja frå i fjor til i år. Blomen i fjor er død, men gjennom frøet skal blomen gjenoppstå. Uten frø, ikkje nytt liv.


Dessutan, naturen er voldsomt raus og fantasi- full med frø, dei kjem i dei underlegste former, frå grasfrø til nøtter og frø gøymt inni kongler.

Utanpå jordbær og i frukt og i den minste blom på marka. Og til dei eksotiske som vert kasta ut av belgen, Springfrø, Impatiens-noi tangere: Ikkje rør meg for då eksploderer eg!

Også, naturen produserer frø i enorme meng- der. Berre ei plante av høymole, eit ugras, kan ha 10000 etterkommarar. Titusen barn om alle fekk leve opp! Ein løvetannblomst lagar hundrevis av fallskjermfrø, og inni ein tomat kan du finne nok frø til heile neste års såing. I ein godt vaksen gran- skog finn du ofte små «juletre», barn av dei store trea. For fuglane er frø livsgrunnlaget, dei brukar livet sitt til å «tippa Korn og ribbar Straa» som Arne Garborg seier det.




Vitenskapsbrillene. Kva er inni eit frø? Det er vanskeleg å forstå at inni det vesle tomatfrøet er tett pakka DNA, arvestoff, nok til ei stor tomat- plante. Dette DNA har same kjemi som ditt og mitt DNA, tomaten har også gen (ca 35000 gen) og kromosom, men tomatDNA pro- gramerer naturlegvis for tomat. Også i frøet er ein liten nistepakke, stivelse, start-energi er der plass til. Så treng det berre litt H₂O, vatn, og litt var- me på våren, så vaknar det til liv og sprenger seg ut gjennom frøskalet og opnar sine frøblad, coty- ledon, eitt lite frøblad viss det er gras, to for alle andre planter.



Bonden sine briller. Såfrø! På Fel- leskjøpet får han kjøpt såfrø til bygg og havre, kveite og gras. Og alle typar grønnsaker. Såfrø har pris som gull, og må behandlast deretter. Såfrøpak- ken inneheld nesten ingen ugras, det er kontrol- lert og tørka og pakka etter strenge reglar. Og det må i jorda til korrekt tid, ikkje for tidleg, ikkje for seint. Mange kornbønder sår åkeren på hausten, så spirer frøet av seinsommarvarmen, går i dvale for vinteren, det har innbygd frostvæske, og får pangskart i vårsola året etter. For bonden er det ein ting som gjeld: Avling! Millionar, milliardar av småfrø vert treska og samla og selt, det skal gie løn for strev og til å betale alle rekningar. Mengde og kvalitet betyr alt!



Forbrukaren sine briller. Du tenkjer ikkje over det når du kjøper mjøl og brød, dette er frø! Knust og foredla har menneske tatt ener- gipakken frå det vesle frøet, tørka og male det og lagt for salg i butikken. Millionar og milliardar små frø. Så smart. Naturen har gitt oss av sitt overskot. Menneske haustar fordi vi har sådd, utan såfrø ingen mat.



Mine briller. Eg er fascinert av frø. Har lært at det heiter SEED på en- gelsk, SEMILLA på spansk, GRAIN på fransk. Alle desse kjenner vi att på norsk i ulike settingar. Eg er ikkje flink å dyrke, men å sjå dei små spirene på våren, kor dei strekkjer seg etter lyset, endrar seg frå dag til dag, det er eit mirakel. Sjå det enorme mangfold og fantasi frøa finst i naturen, og korleis dei spre-



er genane sine i naturen, det er spennande. I hagelaget finst det entusiastar som samlar eigne frø. Der er rikeleg nok å ta av , men hausting og tørking og merking gjer at denne hobbyen ikkje er den enklaste. I mine auge er eit mirakel like mykje eit mirakel sjølv om vitenskapen kan forklare langt på vei kva som skjer. Men, han på ingen måte kopiere det.



Presten sine briller. «Sanneleg, sanneleg, eg sier dykk: Viss ikkje kveitekornet fell i jorda og døyr, blir det berre det eine kornet. Men viss det døyr, vil det bere rik frukt.»

Bibelen er ikkje lærebok i naturfag. Viss Jesus gjekk på norsk skule i 2023, ville han følgje ekstra godt med i naturfagtimane, vil eg tru! For det vesle frøet er Guds skaparverk, det ypperste.

Likningane hans om såkornet er like aktuelle i dag , med eller utan naturfag. Og mange metaforar om såkornet , om himmelriket, om håpet , dei går ikkje ut på dato. Men framfor alt, historien om FRØET er historien om kor intelligent Gud har skapt oss, til å bruke, men ikkje forbruke naturen . Og sjå kor vakkert alt er!



*Jeg ligger bare her og gror
og drikker vann og spiser jord.
Her er så varmt og mørkt og vått.
Her er så fredelig og godt.*

*I natt kom regnet lett på tå
og banket ganske sakte på.
Det hvisket til meg: Lille bror,
en vakker dag blir du så stor*

*at du kan løfte taket vekk.
Og i en bitteliten sprekk
vil hele verden åpne seg
og sola smile ned til deg.*

Inger Hagerup

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

 Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker
STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

 **HERBALIFE**
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169
SIGNE GANGSTØ
E-post: famgang@fusi.no
<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER


SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 5658 2133
Faks: 56 58 07 09
5658 56 58 07 09

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtreno

www.vlimtreno

Fusa Ferdigbetong as



5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjellev.no

SPAR

Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Eide

FUSA AUTO A/S BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A

STRANDVIK
Transport og Maskin AS

5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Grafisk design og trykkeri

BYGGADMINISTRASJON
Harald Børndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN



BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - katoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no

www.solheimelektro.no

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TTIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/S Rørteknikk



56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSSEN
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slekning eller
venn har
gått bort.

Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!

En verdig og trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post: post@bjornafjordengravferdshjelp.no

SPAR



Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no





BARNAS

Finn 10 hovudstader!


I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Teikning: Chiara Bertelli

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt? Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Søndagsskolen – mer enn du tror



Gudstenester i Fusa sokn

12.03.2023 - 29.07.2023

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Mars				
12.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i fastetida
12.03.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	3. søndag i fastetida
19.03.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	4. søndag i fastetida
26.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste Årsmøte i Fusa sokn etter gudstenesta	Maria bodskapsdag
April				
02.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Palmesøndag
06.04.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
06.04.	19:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Skjærtorsdag
07.04.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Langfredag
08.04.	23:00	Hålandsdal kyrkje	Midnattmesse	Påskennatt
09.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Påskedag
10.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
16.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i påsketida
23.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i påsketida
29.04.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag e. 3. sønd i påsketida
30.04.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4. søndag i påsketida
30.04.	13:00	Hålandsdal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4. søndag i påsketida
Mai				
06.05.	11:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag e. 4. sønd i påsketida
06.05.	13:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag e. 4. sønd i påsketida
07.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	5. søndag i påsketida
14.05.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	6. søndag i påsketida
14.05.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	6. søndag i påsketida
17.05.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	17. mai
18.05.	12:00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi Himmelfartsdag
21.05.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Søndag før pinse
28.05.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
29.05.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
Juni				
04.06.	18:00	Hålandsdal kyrkje	Jazzmesse	Treeiningssøndag
11.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i treeingstida
18.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i treeingstida
18.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i treeingstida
25.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i treeingstida
Juli				
02.07.	12:00	Skoltane, Sævareid	Friluftsgudsteneste	5. søndag i treeingstida
09.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
16.07.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Lekmannsgudsteneste	7. søndag i treeingstida
23.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	8. søndag i treeingstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Olsok

Det kan kome endringar i gudstenestelista.



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandssosen

S
i
d
a
n

Song i Sundvor kyrkje



Foto: Sigbjørn Sundfjord.

Søstrene Sofie og Miriam Sundfjord song vakker duett i Sundvor kyrkje julafta.



Kyrkjelydstur til Israel

Fusa sokn arrangerer tur til Israel seinhaustes 2023. Dette blir ein 11-dagars tur der me vandrar gjennom fortida og notida med Bibelen som guide. Meir informasjon kjem på www.kyrkja.no/fusa og i neste nummer av kyrkjebladet.

S
i
s
t

Kristi openberringsdag i Eikelandssosen bedehus



Foto: Toril Hjartaker Hauge

På Kristi openberringsdag spelte Sokneband opp: Sindre Hansen på bassgitar, Malvin Gjørn på piano og Hans Einar Markhus på trommer.



Foto: Toril Hjartaker Hauge

Etter høgtidas siste juletelegang den søndagen, ribba forsamlinga treet for pynt og karamellar, og heiv det ut. Julie, Mia, Kornelia og Magnar leia an.

Tårnagentdag i Hålandsdalen kyrkje



Foto: Ingebjørg Gjørn.

Siste helga i februar var 10 flotte tårnagentar samla til Tårnagentdag i Hålandsdal kyrkje. Dei superkjekke agentane gjorde mykje kjekt.



Foto: Ingebjørg Gjørn.

Agent Idun Eikeland Forberg løyste mange oppdrag, lærte songar, besøkte klokketårnet, hørde bibelforteljing, laga fastelavensris, grilla pølser på bål, og deltok på ulikt vis i gudstenesta.